



# VANG KOMMUNE

Landbruk/teknisk etat

Statens kartverk Hamar  
Vangsvegen 73

2317 HAMAR

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
*LEIKAR -13/101 -1*

Arkiv:

Vår dato:  
*14.02.2013*

## Prinsippavklaring om ansvar for reguleringshøgder gitt på offentlege kart

I samband med eit større byggeprosjekt på Tyin er ansvaret for reguleringshøgder angitt på reguleringsplankart blitt eit tema i rettssaker mellom utbyggjar og arkitekt.

I presseoppslag i byggtidskrift, i dommen og nå sist i Teknisk Ukeblad er det ved fleire høve trekt fram at aktørane må kunne stole på dei opplysningane som går fram av reguleringsplankartet i kommunen.

Som vedlegga viser er kartgrunnlaget for denne (eldre) reguleringsplanen ØK(N5). Kommunen gjer ingen egne kontrollar av dei høgder som kjem fram på vatn i offentlege kartseriar og finn det vanskeleg å kunne stille kartgrunnlag til rådvelde for utbyggjarar om kommunen skal ha noko ansvar for datagrunnlag vi ikkje sjølve har skaffa fram.

Sidan denne konkrete saken no er handsama i to rettsinstansar reknar vi med fleire presseoppslag og mogleg oppfølging på anna vis. Vi ber om at Kartkontoret bidreg til å avklare grunnlaget for dei (regulerings)høgdene som går/gikk fram på ØK/N5 i denne konkrete saken, samt om melderutinane mellom regulanten for oppdemminga av Tyin og Kartverket spesielt og for regulerte vatn spesielt.

For framtida er det viktig at Kartverket gjev kommunane råd om kva for formuleringar dei kan/må nytte for ikkje å kome i økonomisk ansvar for opplysningar i kartgrunnlaget kommunane sjølve ikkje har produsert/rår over. Om kommunane i tilsvarande saker skulle verta tilkjent eit objektivt ansvar for feil i grunnlagsdata (topografi, vannkontur, høgde på vatn o.a tema der kommunane ikkje har originalbaseansvar) vil det kunne lamme kommunen som reguleringsmynde.

Vang kommune er takknemlege for Kartverket sin bistand i denne saken, inklusiv å bidra til å korrigere/nyansere det bildet media gir om kommunen sitt ansvar.

Med helsing

  
Kari-Birgit Lien

oppmålingsing.

Dir. tlf.: 61369473

E-post: kari-birgit.lien@vang.kommune.no

Side 1 av 1